



Daniel Reknes
Helleåsen 24
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14798 - 20/63649

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
12.10.2020

Vi treng meir opplysningar til søknad om murar - gbnr 202/160 Hjelmås

Tiltak: Murar og sportsbod
Byggjestad: Gbnr: 202/160
Tiltakshavar: Daniel Reknes

Kommunen ved Byggesak mottok søknaden din den 27.08.2020.
Eg beklagar sein tilbakemelding på søknaden.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Søknad med ansvarsrett for mur

Ein støttemur av denne storleiken (2,3 x32 m) krev Søknad om løyve til tiltak med ansvarleg føretak. Dessutan må du ha ei **skriftleg erklæring frå naboen** for å få løyve til å setta opp muren inntil nabogrensa. Eg legg ved eit skjema som du kan bruka (i to format, pdf og excell).

Bod utan søknadsplikt

Ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden kan du setta opp tilbygget på 5,5 m² utan å søka, dersom avstanden til nabogrensa vert minimum 4 meter. Dersom avstanden vert mindre, eller du av andre grunnar finn ut at søknad er nødvendig, gjev du oss ei skriftleg tilbakemelding.

Skriftleg tilbakemelding

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 20.11.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til behandling ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Saksbehandlingsfrist

Tidsfristar for saksbehandling går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig behandla.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Naboerklæring
Naboerklæring

Kopi til:

Daniel Reknes

Helleåsen 24

5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Daniel Reknes

Helleåsen 24

5915

HJELMÅS